



– **FÅ SJÅ!** Historikar Kenneth Brattland vert spent når Olaf Midtgård kjem med gamle bilete.

Ønskjer seg amerikabrev

Vestnorsk utvandringscenter opna søndag for sommarsesongen med innsamlingsaksjon av amerikabrev og -bilete.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

I ein beskjeden plastpose har Olaf Midtgård med seg spennande familieskattar.

– Her er eit bilete av ein frisørsalong og huset salongen var i. Det var der nevøen til bestefaren min jobba, då han reiste til Amerika i 1906, fortel Midtgård.

Søker slekthistorie

Kusina til bestefaren til Olaf, Eli, hadde alt etablert seg i USA, med mann og barn, så det var dit han reiste. Olaf har leita seg fram til slekthistoria i norske arkiv, så langt det har lete seg gjera. No må han ta kontakt med arkiva i USA, men så var det den engelsken...

– Det hadde vore spennande å finna att nokon der borte, men det kan sjå ut som at alle borna til Eli og Mons var ugifte, seier han.



KRAFTFULLT: Hjelmås mannskor sa ja med ein gong kordamene frå Radøy inviterte. Dei kom til og med i heilt nye skjorter for anledninga.



EIN NY VERD: Det var denne frisørsalongen nevøen til bestefaren til Olaf Midtgård begynte å jobba i, då han først kom til USA.

– Folk var nysgjerrige

Historikar Kenneth Brattland tek imot forteljingane og bileta med stor interesse.

– Me ønskjer oss Amerikabrev, -bilete og anna av interesse for å

laga ei samling som kan vera grunnlag for vidare forskning på temaet, seier Brattland.

Han har med seg eit brev frå sin eigen familie.

– Dei hadde ikkje mobilar eller



NYDELEG: Radøy damekor song sart og presist under konserten i Emigrantkyrkja som avslutta opningsdagen.

facebook og måtte skriva fyldige brev for å halda kontakten. Brev handlar om alt mogleg, men ofte om korleis det går med familien og kjentfolk. Ofte følgde det bilder med, for å visa korleis folk og omgjevnadar såg ut, slik som Olaf har med seg i dag, seier han.

Vil gjerne ha inn meir

Utvandringscenteret tek gladeleg imot brev og bilder utover våren. Dersom ein ikkje vil gje brev og bilete frå seg, er museet takksame om dei får scanna dei og bevara historia på den måten.

– Brev viser kor globaliserte nordmenn faktisk var den gongen. Me tenkjer gjerne på nordmenn som stadbundne,

men slik var det ikkje då, seier historikaren.

Solid opningsprogram

Utvandringscenteret hadde eit fyldig program sesongopningsdagen. Asbjørn Ystebø guida ei vandring frå gard til gard på Sletta, Radøy damekor og Hjelmås mannskor gledde med nydeleg korsong i Emigrantkyrkja og det var utstillingar både i kyrkjekjellaren og i Rådhuset i emigrantlandsbyen.

Gardsvandringa på Sletta kan du lesa meir om i Strilen på laurdag.